



FrØ-bladet

Fridtjof Øvrebo – FrØ
Årgang 16 – nr. 1 – 2017 – lagsorgan



- 2
0
1
7
- Åpent lagskontor: 8. mars. og 5. + 26. april
 - Styremøter: 15. mars, 26. april
 - Årsmøte 22. februar på kl. 19.00 på Torvastad ungdomshus
 - Åpent møte 29. mars kl. 19.00. Anna Elisebeth Skogen

- Tur i Visnes 10. mai kl. 18.00 med Arne Guttorm Hovda
- Tur til Syreneset fort 24. mai. Avgang 18.00, med Erik Skådel


Turforslag for høsten: *Osnes rundt* og *Fra bygrensen til Salhus*

– Kryss i berg og nedsatte steiner med vitner

Kor går eiendomsgrensene? Kor har eg gjerdeplikt? Kor har eg tarerettigheter? Kor har eg vassrett? Kor får me tak i grus til gardsvegane? Kor har eg veirett for å komma til utmarkje eller til sjøhusgrunn på naboens eiendom? Kor og ka tid kan det drivas kreatur til beite over annen manns eiendom?

Desse, og mange andre spørsmål kan ein få svar på ved å lesa *Utskiftesdokumenter* og *Jordskiftekart* for dei enkelte gardane. Desse dokumentene var som regel å finna på bruk nr. 1 på gardane. På vår gard var [bruk nr. 8 på Osnes](#) i besittelse av desse viktige dokumentene. Min bestefar hadde hånd om dei så lenge han hadde garden. Då han overdrog og skjøtte garden over på far min, fekk han ansvaret for dokumentene. Dette ansvaret tok han på største alvor og plasserte dei så trygt det lot seg gjera på den tidå, nemlig i ein bankboks i byen. Når andre oppsitterar på garden hadde behov for å finna ut av ei grenselinje, eller andre «herligheter» tilknytta deira eiendom, kom dei him til far min og spurde om å få sjå Utskiftesdokumenter og karter. Neste dag var det for far min å ta på seg hatt og frakk og reisa med M/S Torvastad til byen for å henta him dokumentene. Ut på kvelden etter melketid kom naboen for å lesa, leita og finna det han hadde behov for. Kan huska at mor mi måtte finna fram «matpapir» som blei lagt over kartene så dei fekk tegna av det som var av interesse. Det var den tids kopiering. Det blei notert grenselinjer med punkter for «kryss i berg» og «nedsatte skiftesteiner med vitner», kor gjerdeplikten starta og enda og kor dei hadde lov å henta vatn til buskapen. Når dokumentene først var i huset, var det på sin plass at den oppveksande generasjon fekk inn-

blikk i det skrevne ord om garden. Då var det å finna ei «linje» i kartet for så å slå opp i utskiftedokumentene og lesa kor denne starta og kor langt det var til for eksempel kryss i berg, eller at linjå tok ein annen retning.



Kartdøme frå *Gard og Bygd*-artikkel [83_4_304](#)

På den eldste delen fra 1872, var det håndskrive med Gotisk skrift, nåke som eg sleit med å lesa. Heldigvis blei dette erstatta med maskinskrevne sider. Då gjekk det lettare både å lesa og forstå.

Det var lagt ned et stort arbeid over fleire år for å få med alt som var vesentleg på kvar gard. For vår gard starta det i 1869 med området sør for bøgjerdet (ca. der kor vegen [frå Vikje til Osneshavn](#) går i dag), og til Hauskje. Dette arbeidet var ferdig og tinglyst i 1872. Det blei tatt pausar på grunn av vår- og slått-onn. Dei som var besikka et slikt ansvarsfullt arbeid måtte og dra andre plassar for liknande arbeid. Inntil 1907 var det felles utmark på garden. Dette blei då delt inn i teigar, og nye *Utskiftingsdokument* og karter blei skrivne og tegna, frå bøgjerdet til holm-ane nord for Storøy.

Eg minnes-spalta i dette nummeret: **Rolf-Arne Osnes**

Stedsnavnsprosjektet

Historielaget har et fint utgangspunkt for videre innsamling av stedsnavn i på gard og grunn i bygdene våre. Osnes er først ute denne. Flere matrikelgarder er blitt påbegynt i løpet av vinteren og utover våren er riktig mange hoder og hender med i arbeidet. Vi har også fått hånd om en skoleoppgave. Svein Øyvind Bentsen gjennomførte i regi Historielaget en innsamling i 1983. Det jobbes allerede med et kart over stedsnavn fra Føyne. Stedsnavnlistene for Avaldsnes kommune, innsamlet i 1933, er funnet fram ifra våre arkiv på lagskontoret. Tilsvarende er ikke samlet inn for Torvastad kommune, kun for Føyne. Vi har også materiale fra en slik innsamling fra 1980-tallet for Torvastad og Avaldsnes (delvis). De såkalte sefrak-registreringene finnes her på miljostatus.no og fornminner generelt på kart.kystverket.no

Gamle utskiftingskart o.a. er tilgjengelig i database hos Jordskifte-domstolen m.fl. – Hva finnes fra Nord-Karmøy mon tro?

RHÆ arrangerte stadnamnseminar i Tysværtunet kulturhus midt i februar. Av innholdet klipper vi:

Inge Særheim: Kva stadnamna fortel. Kva informasjon ligg i stadnamna.

Innsamlingshistorikk: Korfor er det viktig å samla stadnamn, kva er samla, korleis gjorde ein det, og koss er dei tilgjengelege.

Innsamlingsstrategi: Korleis organisera arbeidet, korleis få tak i namna, korleis registrera dei, etterarbeid.

Bevaring av stadnamnarkivet for ettertida. Kven, kvar og korfor?

Tor Olav Fylgjesvoll, Suldal sogelag: Erfaringar med

Skråblikk

Samvittighetens autoritet og innflytelse – på f.eks. en samfunnsleder: Bare en virkelig standhaftig og karakterfast *nnnn* som er oppdratt i selvbeherskelsens utmerkede skole – disiplinert av livets jag og mas, trolig utsatt for splidens brutalitet og urettferdighet, og krigens lidelser og farer – bare en slik klok, rettferdig og kultivert *nnnn* greier å kontrollere de passive følelsene i enhver sammenheng. Uavhengig av omstendighetene er hnn upåvirket av disse og utviser samme holdning uan-

Til
herr skulestyreformannen i

Stadnamni våre, frå dei yste havskjeri og inn til fjells, hev stor både språkleg og kulturhistorisk interesse. Dei lærer oss mykje både um bygd og land. Men mange av deim vert burtgloynde i våre dagar, etter kvart som dei som no er gamle døyrt ut. Difor er det um å gjera å få namni oppskrivne i tide, so dei kann verta berga frå glemsla.

Skuleborni kann gjera ei god hjelp med dette, og skuledirektøren vil – i samråd med Folkeminnesamlingi ved Bergens Museum – freista å få namni i Agder og Stavanger bispedome oppskrivne med skulane si hjelp, ved at borni fær skriva upp alle namn kvar på sin heimstad. Eg sender vedlagt noko prenta materiale til rettleiding for lærarane og borni. Eg bed herr skulestyreformannen gjera vel og etla det ut til alle folkeskulane i kommuna, med oppmoding til lærarane um å lita borni i 6. og 7. skuleår skriva upp stadnamni der som dei bur.

- Der skal sendast til kvar skule:
1. Eit eksemplar av „Spyrjeskjema til innsamling av stadnamn“ for kvart barn som gjeng i 6. og 7. skuleåret. Helst dertil nokre unifrm-eksemplar.
 2. Eit eksemplar til kvar storskulalærar av heftet um „Stadnamn og stadnamninnsamling“.
- Lærarane etlar ut spyrjeskjema til born i 6. og 7. skuleår. Dersom born som er yngre enn 6. skuleår skulde ha hug til å vera med og skriva upp namn, skal dei ha høve til det.
- Lærarane bør bruka turvande tid til å gå igjennom spyrjeskjemaet med borni. Han samtalar med deim um namni, og borni fær rekna upp dei namni som dei kjem i hug, og fær øva seg i å skriva deim ned på bygde-målet (ikkje normalisera til nynorsk eller bokmål i dette høvet). Borni skriv so kladd heime, som dei tek med på skulen. Læraren ser igjennom kladdane, og bør helst bruka ein skuletime att til å gjenogå deim og samtala med borni. Etterpå reinskriv borni svarti. Det kann dei gjera som heime-arbeid.

Det er um å gjera å få utfyllt eitt skjema for kvart gardsbruk i krinsen. Er der gardsbruk som ikkje hev born i 6. og 7. skuleår på skulen, vilde det vera godt um lærarane kunde få skjema utfyllt på annan måte, t.d. ved gardsfolki sjølve eller med hjelp frå ungdomslag. Fær nokon for litte „skjema“, kann ven. få skrive felt med ei skrive til skuledirektøren her, Stavanger, eller til Folkeminnesamlingi ved Bergens Museum (professor Gustav Indrebø).

Til slutt samlar lærarane oppskriftene inn, og sender deim samla for kvar krins til skulestyreformannen. Det vilde vera sers greidd um han samstundes kunde senda inn ei liste yver gardsbruk som det vantar namn ifrå.

Eg bed so um at herr skulestyreformannen vil gjera vel og senda det innkomne materialet samla for heile kommuna inn til skuledirektørkontoret innan 1. juli 1933.

Materialet vil deretter verta yverleverta til Folkeminnesamlingi ved Bergens Museum; ho vil taka vare på det og lala det vera tilgjengelegt seinare for granskarar og alle interessera. Det skal og kunna lånast ut til andre musé og samlingar, so kven som vil kann ha nytte av det.

Det er som nemnt eit språkleg og kulturelt bergingsarbeid som skulane og skuleborni her fær høve til å vera med på. Det er og eit arbeid som borni sjølve vil ha gagn av. Eg vil beda både skulestyreformannen og lærarane gjera det dei kann so resultatet kann verta so godt som mogelegt i alle bygder.

Til lette ved ekspedisjonen av saki fylgjer med nokre avprent av dette brevet.

Agder og Stavanger skuledirektørebete, januar 1933.

Johan Gjøstein.

Til
herr læreren i *Kjystkjelbygge* krins. - 6. og 7. skuleår

Med di eg viser til brevet frå skuledirektøren her ovanfor, sender eg fram det unnennde prent-materialet. Eg skal beda Dykk um å få namneskjema utfyllt på den måten som er nemnt i brevet. Dei innkomne oppskriftene bør vera innsente til skulestyret innan 15. juni 1933.

1/2-1933

Svein Øyvind Bentsen
Skulestyreformann.

Les hele teksten ved å forstørre skjermvisningen, eller skann QR-koden ovenfor.

registreringar; koss skal me best ta vare på og bruka desse registreringane; kva informasjon gjev dette materialet; koss formidla det vidare; det finst mange område der det framleis er mykje ugjort, koss skal ein då gjennomføra ei ny stadnamninnsamling her? Historielaget til stades.

Historielaget takker Halvdan og Asta Birdna Kjetland for etterlatt arkivmateriale etter Birger Kjetlands Torvastadboka, bygdebok nr 1 for Karmøy.



kopiering, organisering, formidling og bruk.

Rasmann Polden, Eigersund historielag: Erfaringar og utfordringar i samband med registreringa av stadnamn. Etterarbeid, formidling og vegen vidare.

150 000 stadnamn – og så?

I stadnamnarkivet til professor Inge Særheim ved Universitetet i Rogaland ligg 150 000 stadnamn frå alle kommunar i fylket. Det er opna tilgang for historielaga til å kopiera sine respektive stadnamn, og mange lag har gjort bruk av tilbodet. Men ... kva er samla og koss får me tilgang til det; koss organisera arbeidet; kva teknisk utstyr er best for å gjennomføra slike

Redaktørens oversettelse av Adam Smith, skotsk 1700-tallsfilosof – RO

«Stadnamn og Stadnamninnsamling»

Me saksar innleiing og slutt frå 'læreboka'

Vi har nemlig kommet over dette gullkornet på vårt kontor. Da det i 1933 var stedsnavnsinnsamling i regi av Skuledirektørembetet i Agder og Stavanger i samråd med Folkeminnesamlingi ved Bergen Museum. Skolelever samlet da inn stedsnavn på de ulike gårdene.

Den namngjetne danske granskaren Axel Olrik skriv: – Vort fædreland ligger for os som en umaadelig indskriftflade, og hver plet at det med sit navn indskrevet – som et

vidnesbyrd for kommende slægter om, hvem der fæstede bo: deres bygd og næring, deres tro og tingsted, deres stat og stammer. Og spørsgmaalet er da til os: skal vi naa at læse denne skrift, inden den forvitres?

Desse setningane gjev vakkert ord for det historiske verd som stadnamni hev. Namni ligg spreidde utyver i titusund- og hundradtusundtal. Dei er ulesande run-teikn når ein ser utan interesse, og ikkje i samanheng. Men dei fær liv når me ser med vaken sans og med umtanke og kunnskap. Då vert dei ei samanhengande skrift for augo våre.

Dei fortel um federne våre. Fortel at sume stader hev folk butt lenge, og sume stader stuttare. Fortel kvar federne hev samlast til gudsyrding fyrr kristendomen kom; kvar dei kom i hop til ting og til leik. Vitnar um kvar ferdslvegane gjekk, der dei gamle bala seg fram med klyv eller i båt. Namni fortel utruleg mykje um deim som hev gjenge fyre oss, um deira slit og fest, arbeid og kultur.

Stadnamnarkiv

I alle Vesterlandi held dei det no for ei gjæv vitskapssak og kultursak å tolka og taka vare på dei nasjonale stadnamni. Målvitskapen arbeider ihuga med det. Ikkje fåe granskarar hev lagt seg serskilt etter namnestudiet. Fleire stader gjev riki tilskot.

I den seinare tid hev dei lagt svært mykje vinn på å få so store samlingar som mogelegt, både for di namni kverv andre stader likso vel som her, og for di det som nemnt er um å gjera for vitskapen å ha eit stort namnemateriale å byggja på. Dei hev organisera innsamlingsarbeidet.

I Danmark fekk dei skipa eit stadnamnarkiv med rikshjelp i 1910. Det skal ha til oppgåve å samla og leggja til rettes danske stadnamn frå gamal og ny tid.


I Sverige hadde dei alt fyrr fenge skipa »Kungliga Ort-namnkomitén, som skal samla og gjeva ut dei svenske stadnamni. I 1918 fekk dei eit serskilt stadnamnarkiv for Vest-Sverige, ved Gøteborgs Høgskola. Denne institusjonen skal taka på seg namni m.a. i Båhuslen.

England hev dei eit Place Name Society (stadnamn-lag) som arbeider systematisk med dei engelske stadnamni.

Her i Noreg lyt det og vera ei hovudoppgåve for stadnamnarbeidet no ei stund å få samla inn systematisk so mykje som råd er av namnetilfanget. Me hev fenge våre stadnamnarkiv. Det vart skipa eit stadnamnarkiv i Oslo med hjelp frå Statens Forskningsfond i 1921, og det er gjort upptak seinare til eit stadnamnarkiv i Bergen (ved Museet der). Det som det no stend på, er å få sjølve innsamlingsarbeidet retteleg i gang fyrr altfor mykje av dei gamle namni vert burtgløymde. Det er ei gild oppgåve, og det er

ei oppgåve som me ikkje med ære kann draga oss undan, i ei tid då andre folk arbeider so ihuga for å berga sin nasjonale namneskatt. Lat stadnamnarkivi i Oslo og Bergen få hjelp, so dei kann verta rettelege nasjonalarkiv for namni våre!

Noreg hev ein uvanleg stor rikdom på gamle og sermerkte stadnamn, av di landet sjølv er so sermerkt. Lat oss berga for ettertidi og granskingi dei rike språkminni og kulturmynni som desse namni inneheld!



Bilde med lenke.

Heile heftet kan lesast frå Nasjonalbiblioteket si "bokhylle".

Stedsnavnmaterialet fra 1933 gjemte to ulike og til nå ukjente varianter av sagnet om **Saupsteinen** – den lille runde holmen utenfor Visnes. **Bilde** → [Sauptsteinn el. Saupsteidn](#) – 1. Det var far og son, som budde i Utsira. So vart dei samde um at dei skulde kasta kvar sin stein. So kasta sonen fyrst, og han heiv sin stein inn på Visnes og denne vart

kalla Saupsteinen. So sa faren: 'Du er ein dårleg kar til å kasta.' Då tok faren sin stein og heiv han til Spannemarki. Det var yver 3 mil det og her ligg han den dag i dag. – 2. Det var ein mann som budde på Utsira. Han hadde ei dotter som var gift på Tjoland. So var det ein dag han hadde kinna smør. Han ville gjeva dotteri noko av smøret. So

vilde han hiva smøret frå Utsira til Tjoland. Då datt ein saupdråpe ned eit stykkje frå Visnes, og vart til ein stor stein som vart kalla Saupsteinen. Resten datt ned attmed Koparvik i sjøen, og vart kalla Smørstakk. Her ligg den øyi den dag i dag, og ser ut som ei stor høysåta.

[uttale: *gammalnorsk nn* → *dn* / (*ll* → *dl*)]

Gå på lenkejakt i nettutgaven, i pdf'en som du leser på skjermen. I blå tekst og i bilder og rammer skjuler det seg veier ut i kilder, bakgrunnsstoff og tilfeldig kunnskap.

Tur & Møte:

Følg med på nettsiden vår under **Agenda** og **Aktuelt** Eller på åpen **facebook-side**

- Styremøter våren 2017: 15.03., 26.04.
- Åpent lagskontor: 08.03. + 5. & 26.04.
- Årsmøte 22. februar på kl. 19.00 på Torvastad ungdomshus. Kaffi og lapper. Ingen møteavgift. Årsmelding i egen epost – Åpent møte fra kl. 20.30 med foredrag/samtale – om **Frode Vikshåland**: nettstedet vikshaaland.no – med **Odd Inge Vikshåland** og **Tor Magne Widvey**
- Åpent møte 29. mars kl. 19.00 – **Anna Elisebeth Skogen fra Sand**, utvandringforedrag om reisen med Restaurasjonen
- **Vandretur i Visnes** 10. mai kl. 18.00 – guide Arne Guttorm Hovda
- 24. mai. Tur til **Syreneset fort** **Avgang fra p-plass** kl. 18.00 – guide Erik Skådel
Kjører evt. fra Bø u. skole kl 17.00 (i god tid, for de som ønsker felles kjøring)

Mulige høstturer: Osnes rundt og Fra bygrensen til Salhus

FrØ er signaturen til lokalhistoriker
Fridtjof Øvrebø, 1871–1927

www.rogaland-historie.no kontaktes på:
histori@online.no – 51 89 56 36

Styret for 2016: Evy Vikingstad, Inger Moen Einarsen, Rolf-Arne Osnes, John Karsten Vedø, Lillian de Rezende, Arne-Guttorm Hovda – Kjell Ole Pedersen, Henny Drange – Roald Østensjø

Nettversjonen av FrØ-bladet, A4, kan oppdateres for skrivefeil, meld inn korrektur. Har [klikkbare lenker](#), også under bilder og tekstrammer – **FORSTØRRE BILDENE LITT**
→ **Bidra du også til stoffutvalget!!**

Nye artikler

i databasen *Gard & Bygd* på www.n-kh.no – Se øverst i menypunktet 'Alle artiklene'

Harald Goa, 1934–2017, døde i begynnelsen av februar. Han var i en årrekke et engasjert og produktivt medlem i laget. Han har gitt mange impulser til artikkelproduksjonen og har selv skrevet en del av dem. Han kvasset sin penn og tegneblyant for å gi sine bidrag til å beskrive og forklare lokalhistorien, i sær hans hjemgrunn, Moksheim, (jfr. forside-

temaet). I slutten av januar ble hans siste artikkel publisert:

[Misbruk av steds-/gardsnavn](#)

Vi trekker fram de andre artiklene Harald Goa står som forfatter av:

[«Gamlaståvå» på Moksheim](#)

[Bekker på fastlandet](#)

[Bruk og brukere på Moksheim](#)

[Et minne om skadet flyger i](#)

[Karmsundet](#)

[Kanonstillinger på Norheim](#)

[Lynet som drepte](#)

[Moksheimsskogen](#)

[Sildoljefabrikken](#)

[Tyske kanonstillinger og skytebane på Moksheim](#)

(... les dem i *Gard og Bygd*)

Betalingsinformasjon

For de som ønsker faktura tilsendt på e-post

Medlemmer uten epost får faktura pr. brev.

Betaling i nettbank:

Medlemskontingent:

kr 200

Av disse er kr 100 kontingent til Rogaland Historielag.


Er man hovedmedlem i et annet historielag i Rogaland, for eksempel i Hauge-sund, betaler man kr 100 for et husstandsmedlemsskap i Nord-Karmøy Historielag.

Konto 3361.13.93852

Betalingsfrist: 20. feb. 2017

NB! Husk å skrive navnet ditt i "meldingsfeltet" slik at vi vet hvem betalingen gjelder.

Lagskontoret vårt finner du ved å gå **den grønne veg:**



Inngang i vestfløyen til lagskontor, 2 rom i Aktivitetshuset – Møtesal i Torvastad Ungdomshus (t.h.)

Kartanvisning: [Torvastadvegen 293](#)